

## **Manus til foreldremøte i 3. klasse**

### **Tysdag 29. april 2014 kl. 18.00**

**Orientring og samtale omkring faga matte, norsk og engelsk. Litt om kartleggingsprøvar no i vår, korleis me jobbar med faga, arbeidsplanen og mappene:**

**Matte:** Me jobbar jevnt og trutt på skulen og heime. Siste temaet har vore multiplikasjon. I den samanheng her me også begynt å læra gongtabellen – målet er 1-10 gongen no i vår. Dette kjem til å stå på planen fram mot sommaren. På planen lager eg opne luker og fyller inn kva tabell dei skal øva på individult. Dette treng me dykkar hjelp til å drilla inn. Parhestane spør kvarandre, lærar spør, - og foreldra må hjelpe til.

Neste kapittel i matte er Rekning 2, som er + 0g – med tal, praktisk rekning med handling og lignende. Og eit tema med rutenett til slutt i boka. Viktig å føra reknestykka rett, med einarar, tiarar og hundrarar rett under kvarandre. Lærarar demonstrerte minusstykker med veksling på tavla. Borna må gjerne ha ulike strategiar, berre svaret vert riktig og dei forstår kvad ei gjer.

Me har Utdanningsdirektoratet sin kartleggingsprøve denne veke. Dette er ein prøve i kartlegging av talforståing og rekneferdigheit. Ikkje andre temaer innanfor matte. Dette er for å sikra at elevane har sikra seg ein grunnleggjande forståing og hensiktsmessige og gode strategiar. Derfor er også prøven på tid. Dei som ikkje har gode nok strategiar, får ikkje gjort alt som vert forventa av dei. I slike tilfeller finn me øvingar som trengs, - og jobbar med desse. På foreldresamtalen i mai, ser me på resultatet for ditt barn.  
Me skal også ha M-3 prøven no i vår.

**Norsk:** Me jobbar jevnt og trutt på skulen og heime. Stillelesing, høgtlesing for kvarandre og lærar og stundom for klassen. Arbeidar med lesefart og forståing-, og med gramatikk.

Andre tema i norsk :

- Me har lært om ordklassar, .
- Ordtak og utrykk
- Me jobbar med lykkjeskrift og med å skriva på tastatur. Føl med på måla på planen, så ser det temaer me held på med.

Skulen har vorte slik at me skal målast om me når måla våre. Derfor har me Nasjonale prøvar og kartleggingar. 3. klasse skal ha Najsonl kartlegging i norsk veke denne veka.

**Engelsk:** Me jobbar etter Stairs boka. Fin bok med god lærarvegledning. Me har siste tida arbeid med det engelske alfabetet og me klokka.  
I møtet bestemde me å ha korte leselekser 1 gong for veka resten av året.

**Naturfag:** No er temaet byggjeskikkar. Siste temaet er trekkfuglane. Me har laga modellar av gammer og telt. På fredaganse arbeider me først inne med eit tema. Me går ut og undersøkjer rundt temaet viss det er mogeleg. Elles er det viktig at borna får eiga tid ut i nauren til å leika, brukta fantasien sin og knytta gode kontaktar med dei andre elevane. Eg tenkjer at det er her dei får den gode fysiske aktiviteten, vert glade i naturen, lærer om naturen, og dette kan leggja grunn for at dei seinar i livet brukar naturen som rekreasjon og helsestudio.

Artskunnskap: Vis korta.

**Samfunnssfag:** No er temat jernalderen. I den forbindelse ser me filmen Johan brnevandrer. Siste temaet er råvarer. Me lærer om dei viktigaste råvarene me har i Noreg; og orda råvare-berarbeiding-produkt er viktige. Me følgjer Cumulus boka. Me prøver å variera barbeidingsa av temaer. Arbeid i boka, skriva faktasetningar og laga teikningar i arbeidsboka, arbeida praktisk, ut å oppleva...

Det er høyrer gløymer eg.

Det er ser hugsar eg.

Det eg gjer lærer eg.

### Symjeundervisning :

Litt om det me øver på:

Kompetanse mål etter 4. trinn: vera trygg i vatn og vera symjedyktig.

Symjedyktig: Rull uti på djupt vatn. Søm 100 m på magen. Stopp og kvil (flyt på mage, rull over, flyt på rygg) samla i 3 minutt. Søm deretter 100 m. på rygg.

På veg mot målet har me øvingar som å dukke ned og hente ting, hoppe frå kant. Gli i vatenet, flyt og sømje på mage og rygg.

”Svømme og livredningsopplæringen skal vera prega av trivsel, trygghet og glede”.

Viss nokon er utrygge i vatn, oppmoder eg om at forerldra tek elevane med i basseng i tillegg til den øvinga dei får på skulen.

### Psykologisk førstehjelp:

Eit verktøy med utgangspunkt i kognitiv terapi: Å trenar seg opp til å tenkja hensiktsmessige tankar. Dette har me gått gjennom i klassen. Elevane har fått ”handa” med heim og me har ei i klasserommet. Når me kjem opp i

situasjonar der dette verktøyet er lurt å brukha , så sit me oss i lag og samtalar om grøne/raude tankar.

### **Praktiske ting:**

- Kortid skal borna smørja si eige niste? Forslag om å la dei begynne allerede no. Dersom dei ikkje får denne vanen innarbeid tidleg, vil dei ikkje smørje seg niste når mor/far sluttar med dette for dei.
- Ny praksis med køyreløyve når borna skal på tur. Skriv under i sstarten på året. Men får melding om når dei skal på tur.
- Melding om fråvær: Det held med sms dokumentasjon. Men send sms om morgonen.
- Oppfylging av born når det gjeld sosiale mediar: Skulen sine råd: **føl med på alt borna mottek og sender.** Ikkje la dei ha mobil og data med på rommet når det er leggjetid. Barnevakten anbefalar 2 skjemfrie timer før legging. Knapp nederst på Youtube sosm kan slå av usømelege ting.
- Mobilbruk i skuletida: praksis er at mobilen er heime. Dersom nokon av ulike grunnar treng mobil, skal lærar ha melding om det, og den skal liggja i sekken til skulen er slutt.
- Litt nettvert: Foreldre fortel om at dei begrensar speling på data i vekene. Foreldra ynskjer også at når borna er heime hjå kvarandre, så leikar dei saman, og ikkje sit med dataspel. Ikkje del passord på Movie star planet med kvarandre. Ikkje smugkikk på andres bilerter på Ipod eller kamera utan lov.
- Me diskuterte snoping på butikken på veg heim fra skulen. Dei fleste av foreldra gjev ikkje borna lov til dette. Det er usunt og det tek vekk matlysten på middagen som ventar heime..

### **Saker til stort foreldremøte**

Foreldra kan koma med innspel til Edmund som sit i FAU.

### **Val av klassekontakt:**

4. kl.: Ny vara for 2 år: Linda  
Edmund set 1 år til.

Referent: Bodil

